

ODDA KOMMUNE  
Opheimsgata 31  
5750 ODDADato: 29.09.2016  
Vår ref.: 2015/8551-62  
Saksbehandlar: solrong  
Dykkar ref.:

## **Vedr. Søknad om omdisponering av tilskotsmidlar gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Odda kommune - Godkjenning**

Me viser til dykkar brev av 16.09.2016 med søknad om omdisponering av BARK midlar, samt ettersendt vedlegg til søknaden av 20.09.2016.

Det går fram av dykkar søknad at de ynskjer omdisponera kr 26.450,- frå tilskot tildelt prosjektet «Kolgroper på Hesjabakk» til prosjektet «Bygdeborg på Tjørndalshaugen». Årsaka til søknaden er at prosjektet «Kolgroper på Hesjabakk» ikkje kan gjennomførast grunna konflikt med planlagt reguleringsplan for veg, samt at prosjektet «Bygdeborg på Tjørndalshaugen» viste seg å vera meir kostnadskrevjande enn tidlegare venta. Hordaland fylkeskommune sendte søknaden vidare til Riksantikvaren for vurdering. Riksantikvaren gav i brev av 26.09.2016 positivt svar på søknaden.

**Hordaland fylkeskommune godkjenner difor omdisponering jamfør dykkar søknad av kr. 26.450,- av BARK-tilskot tildelt 2016 til Kolgroper på Hesjabakk til prosjektet Bygdeborg på Tjørndalshaugen.**

Riksantikvaren sin uttale i denne saka ligg vedlagt dette brevet. Me viser til Riksantikvaren sin uttale for informasjon om formalia kring vilkår og retningslinjer.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Statsbudsjettet 2016 kap 1420 post 70 - BARK - Godkjenning av omdisponering av tilskuddsmidler

